

# Redegjørelse etter Åpenhetslova

## 1. Innleiing

Hardingsmolt AS (bedrifa) er omfatta av Åpenhetslova som trådde i kraft 1. juli 2022. Denne lova pålegg bedrifter å gjere akt somhetsvurderinger som har som formål å identifisere risikoar i eigne leverandørkjelder og interne forhold for å sikre anstendige arbeidsforhold og identifisere faktiske og potensielle negative konsekvensar av/frå vår verksemd. Dette gjer me ved å sjå på eigen kjerneverksemd, bygge på eksisterande prosessar og rutinar, samt bruke bransjenettverk og sivilsamfunn.

## 2. Oversikt over organisering, ansvarsområde og retningslinjer

Hardingsmolt AS er eit settefiskanlegg som produserer smolt og post-smolt i Kvam og Fitjar kommune.

### 2.1 Ansvarsområde og retningslinjer

Hovudansvaret for oppfylging og etterleiving av Åpenhetslova er plassert hos styret og administrasjonen hjå bedrifa. Ansvarlighet vert forankra gjennom bedrifa sine retningslinjer, deriblant i prosedyrar i internkontrollsystemet vårt.

Bedrifa er tilknytt Salmon Group (SG). SG er eit nettverk for små og mellomstore oppdrettsaktørar innan laks og aure i Noreg. Gjennom dette bransjenettverket og delt eigarfellesskap via vår eigarbedrift Fremskrift Laks AS, har bedrifa tilgang til dei same drifts- og rammevilkår som SG framforhandlar for sine eigarverksemder. SG har utarbeidd ein metodikk for akt somhetsvurderinger som me nyttar i vårt arbeid med Åpenhetslova.

SG har etablert ein avtale om leveranse av eit system (Ignite) for å handtere leverandørar iht. Åpenhetslova. Bedrifa har slutta seg til denne avtalen for å kunne bruke delte ressursar med andre i oppdrettsnæringa, samt kartlegge eigne leverandørar på ein enkel måte.

### 2.2 Kvalitetsstyring og sporing

Bedrifa er Global GAP (inkl. GRASP) sertifisert under akvakulturstandarden. Denne frivillige standarden set krav til at bedrifter som er sertifisert har ein sikker og berekraftig produksjon av laks, samt at heile produksjonskjeda har fokus på matsikkerheit, miljø, arbeidstakrar og fiskevelferd. GRASP delen av sertifisering er eit eige sosialt spekter av standarden og sikrar at bedrifa lever opp til ILOs kjernekonvensjonar for menneskerettigheter. Etterlevelse av prosedyrar sjekkes av eksterne på Global GAP revisjon, herunder DNV GL.

## 3. Akt somhetsvurderinger

### 3.1 Kartlegging av leverandørkjede

Avtalane SG framforhandlar er knytt til kjerneområde i oppdrettsbransjen, t.d. leverandørar av fôr, medikamenter, vaksiner og rogn. Dette er avtalar bedrifa nyttar seg av og det er difor naturleg for oss å nytte dei akt somhetsvurderingane som SG gjennomfører også som grunnlag i vår bedrift. SG kartlegg leverandørar i disse kjerneområda gjennom sin metodikk for akt somhetsvurderinger. Dette inngår som ein

del av eit større arbeid med spørjeskjema til leverandørar, risikokartlegging basert på land- og bransjerisiko for klassifisering i lav, medium og høg risiko. Arbeidet med klassifisering av leverandørane dannar utgangspunkt for vidare oppfylging.

### **3.2 Avgrensing av søker treff, utveljing av parameter for aktsomhetsvurderingar**

På grunn av omfanget av leverandørar bedrifa har, er det behov for å begrense fokuset for kvar ein skal iverksette tiltak og heller setje ein strategi for å ha ulike fokusområde. Bedrifa har difor valt å fylge SG sitt fokusområde for aktsomhetsvurderingar og risikobilde innan kjerneområdet fiskefôr.

### **3.3 Resultat frå aktsomhetsvurderingar**

I samsvar med SG si risikovurdering ser me at den største risikoen er knytt til fiskefôr. Fôret består av råvarer, inkluder fiskemjøl, fiskeolje, mikroalger og soya. Fleire av disse råvarene har kjente risikoar knytt til belasting av naturressursar og därlege arbeidsforhold hos bøndene, spesielt produksjon av soya, men også produksjon av fiskemjøl kan ha risikoar for overbelasting av miljø og brot på arbeidsvilkår. SG har som dei nemner i sin redegjørelse, ikkje ubetydeleg påverkningskraft ovanfor leverandørar i kraft av sine medlemmer, eigarselskapa, til å påverke og setje inn tiltak. Me støtter synet og ynskjer å bidra til å påvirke fôrbransjen. Dette var ein avgjerande faktor for oss mtp. deltaking i SG.

## **4. Videre tiltak for identifiserte risikoar**

Administrasjonen kjem til å jobbe videre med å kartleggje og vurderer faktiske og potensielle negative konsekvensar, samt iverksette eigna tiltak for å stoppe og førebygge negative konsekvensar særleg på kjerneområda innan fôr, medikament, vaksiner og rogn. Vi vil i tida framover jobbe med å registrere og kontrollere nye og eksisterande leverandørar i Ignite systemet fortløpande. Administrasjonen vil årleg publisere ein redegjørelse der me opplyser om avdekka risikoar og tiltak som vert iverksett.

Dei leverandørane som er vurdert som høgrisiko av SG vil bli videre følgd opp innanfor dei rammene SG har lagt opp til i sitt avtaleverk.

Bedrifa bekrefter at ansvarlighet og etterlevelse av Åpenhetsloven skal forankras i selskapet sine retningslinjer. Styret stadfestar dette gjennom digital signatur.

Tørvikbygd 22.06.2023

Frode Sandven  
Daglig leiar

# Elektronisk signatur

**Signert av****Dato og tid**

(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna

**Landa, Ingebrigts Gunnar**

Norwegian BankID

23.06.2023 09.09.15

**Sandven, Frode**


Norwegian BankID

23.06.2023 07.36.15

**Espelvold, Roar**

Norwegian BankID

23.06.2023 15.34.49

DRIVENES, JAKOB  
  
27.06.2023

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de foregående sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signaturdetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.